



Statens vegvesen

Arvid Monstad
Lurevegen 557
5912 SEIM

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2011/014878-008

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.10.2014

Uttale - Søknad om utvida bruk av avkørysle - gnr. 155 bnr. 8 bnr - Monstad - Lindås kommune

Vi viser til søknad motteken 04.09.2014. Vi orsakar lang sakshandsamingstid.

Saka gjeld søknad om utvida bruk av avkørysle i samband med søknad om frådeling av tomt for ei bueining.

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal tiltak som er omsøkt vere avklara etter plan- og bygningslova.

Området der det er søkt om frådeling av tomt er vist som område for landbruk, natur og friluftsliv (LNF) i kommuneplanens arealdel. Bustad fell ikkje innanfor LNF-formålet. Det er kommunen som planstyresmakt som avklarer ein eventuell dispensasjon frå LNF-formålet.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ein førehandsuttale i denne saka.

Førehandsuttale

I planskildringa til kommuneplanens arealdel heiter det mellom anna:

Lindås kommune er ein del av ein felles bustad- og arbeidsmarknad i Bergens-regionen, noko som aukar behovet for ei samorda areal- og transportplanlegging. Tilrettelegging for bruk av kollektivtrafikk er i ein slik samanheng viktig. Kommunen legg med denne planen opp til ein utbyggingspolitikk som i størst mogleg grad reduserer trøngen for transport, og gjev grunnlag for sterke satsing på kollektivtrafikk, sykkel- og gangtilhøva.

Tomta som det er søkt om frådeling av ligg i utkanten av kommunen, i eit område som ikkje er sett av til bustadutbygging. Ny utbygging her vil kunne måtte basere seg på bilbruk i kvarldagen. I Bergens-regionen er Statens vegvesen generelt negativ til ny, spreidd bustadetablering som ikkje er avklara i overordna plan.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø¹
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Avkøyrsle

I Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016) er fylkesvegen forbi omsøkt avkøyrsle vist med **haldningsklasse 3**. Dette vil mellom anna seie at godkjennung til utvida bruk av bustadavkøyrsler til bustadføremål normalt bør gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt.

Den aktuelle avkøyrsla oppfyller per i dag ikkje krav til frisikt. Noko vegetasjon må fjernast i begge siktretningar for at siktkravet skal oppfyllast. Dersom kommunen gjev dispensasjon frå LNF-føremålet for bustad, kan det pårekna at Statens vegvesen vil gje førehandstilsegn med krav om utbetring av frisikt før det kan gjevast løyve til utvida bruk av avkøyrsle.

Vidare saksgang

Vi gjer merksam på at det er eit krav i plan- og bygningslova § 27-4 at avkøyrsle frå offentleg veg må vere godkjent av vedkomande vegstyresmakt før frådeling av eigedom til bebyggelse. I denne saka er Statens vegvesen vegstyresmakt.

Statens vegvesen avventar vidare handsaming av søknaden etter veglova til arealbruken (bustad) er avklara av kommunen som planstyresmakt.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik

Odd Høydalsvik
sjefingeniør

Unn Jenny Utne Kvam

Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Lindås kommune (e-post)